

Søknad om midlar til investeringar i bygg frå ekstraordinær tilskotsordning for lag og organisasjonar i Radøy

Kjøkkenet i Solvang er gammalt og utdatert og Manger Ungdomslag har sidan 2014 planlagt og spart pengar for å få realisert draumen vår om å få det bygd større og modernisert. Størrelsen på kjøkkenet gjer det utruleg tungvindt med servering til mange av arrangementa i huset. Huset er eit forsamlingslokale for heile bygda, har universell utforming med god tilrettelegging for rullestolbrukarar. Etter at huset hadde stått til nedfalls i mange år gjekk eit nytt styre inn i 2014 og totalrehabiliterte nesten heile huset. Alle flater vart fornya både ute og inne, vindauge og kledning vart skifta. Inngangspartiet fekk plattning og røykeskur. Alt vart fornya, unnateke kjøkkenet, det vart for omfattande og kostbart.

1800 dugnadstimar og 150 000 kroner vart brukt i oppussinga.

Huset står der no som eit lekkert forsamlingslokale og ein flott samlingsplass som vert brukt av heile bygda. Me kan nemna barneteater, seniordans, frisko for born, Lan Party for ungdom, klassekveldar, barnebursdagar, partimøte, julebord, åremålsdagar, barkedåpar, bryllaup, konfirmasjon og minnestunder.

Me vil særleg nemna at førespurnaden om å få arrangera bryllaup i huset har auka dei siste åra. Det trur me kjem av at huset har vorte eit flott lokale å feire i, men også trur me det er eit resultat av at selskapslokala på Manger som har vore den «tradisjonelle» staden for å avvikla ein bryllaupsfest har slutta å ta i mot brudepar og gjestane deira.

Det fører til at om ikkje brudeparet då finn andre eigna lokale for å avvikla bryllaupsfesten sin, må dei, kanskje mot sin vilje, flytta festen ut av bygda.

Å leggja ramma rundt bryllaupsfesten til Solvang fungerer kjempeflott på alle måtar, og brudepara som har gjort det til no har hatt festen sin i magisk flotte lokale.

Kjøkkenfasilitetane avgrensar dessverre bruken av huset:

- Val av kva meny ein kan velja vert avgrensa når maten ikkje kan lagast på kjøkkenet i Solvang.
- Tal på kjøkkenpersonell og servitørar må være færrast mogleg då det ikkje er plass nok til å jobbe om ein vert for mange.
- Manglande til luft og ventilasjon av kjøkkenet gjer det varmt og ubehageleg.
- Krav til ulike soner som skitten og rein, samt egen handvask som krevst ved tillaging av mat er ikkje tilfredsstillande.

For at Solvang skal verta ein stad der også brudepar og andre jubilarar som ikkje ynskjer catering-mat skal kunna å avvikla feiringa si bør me ha eit kjøkken som det er utstyr og plass nok til å leiga inn ein kokk eller å laga maten sjølv på kjøkkenet.

For å sikre aktivitet og bruk i eit gammalt bygdehus er det viktig at huset er tilrettelagt for aktivitetane ein ynskjer å ha i huset. Styret ser, og får tilbakemeldingar på at det tronge kjøkkenet er ein hemske ved enkelte aktivitetar i huset. Arealet som vert frigitt ved å flytta kjøkkenet i eit nytt tilbygg er også sårt trengte kvadrat til lagring av bord og stolar.

Styret i Manger Ungdomslag har fått teikna eit tilbygg til huset som skal innehalda nytt kjøkken. Teikningane er vedlagt søknaden og prosessen med å få planane godkjende hjå Radøy Kommune er sett i sving. Til dette har me hyrt inn ekstern profesjonell hjelp.

Solvang fyller 100 år i 2019

Ungdomshuset Solvang har vore bygdas forsamlingslokale til alle anledningar i 100 år og styret ynskjer at Solvang skal vera eit forsamlingslokale som heile bygda kan ha glede av også i mange år framover.

Styret i Manger Ungdomslag søker difor med dette om 200 000,- i tilskot til bruk på kjøkkentilbygg i Solvang.

Budsjett for tiltaket:

Teikningar, søknader, godkjenningar	40 000,-
Arbeidkostnader grunnarbeid	150 000,-
Total materialkostnad tilbygg	350 000,-
Arbeidskostnad	300 000,-
Innreiing og utstyr	<u>100 000,-</u>
	940 000,-

Plan for finansiering:

Tilskot frå Radøy Kommune	200 000,-
Tilskot frå Sparebanken Vest	150 000,-
Dugnadstimer som reduserer arbeidskostnadane	250 000,-
Oppsparte midlar	<u>350 000,-</u>
	940 000,-

Vedlagt ligg teikningar av planlagt tilbygg.

Bilder av gammalt kjøkken.

Detaljert prisetstimat på prosjektet kan sendast i ettertid om ynskjeleg.

**Med venleg helsing
Styret i Manger Ungdomslag
Eva Karin Klausen
Styreleiar**

Under har me lagt ved bilder frå eit bryllaup i Solvang no i sommar.

